



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# FylkesROS Møre og Romsdal 2023

Oppfølgingsplan 2024-2027



## Innhald

Innhald .....	2
Bakgrunn og innleiing .....	3
Grunnleggjande føresetnadar .....	4
Oppfølgingsplan .....	5
Generelle tiltak .....	5
Scenario 5.1 Kvikkleireskred .....	7
Scenario 5.2 Regnflaum.....	7
Scenario 5.3 Fjellskred.....	8
Scenario 5.4 Grunnstøyting cruiseskip .....	9
Scenario 5.5 Radikalisering og valdeleg ekstremisme.....	9
Scenario 5.6 Tryggingspolitisk krise/krig .....	10
Scenario 5.7 Pandemi.....	11
Scenario 5.8 / 5.9 Atomulykke.....	12

## Bakgrunn og innleiing

*Instruks for statsforvalteren og Sysselmesteren på Svalbard sitt arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehåndtering* set krav om oppfølgingsplan med ansvarsavklaringar med bakgrunn i FylkesROS. Denne planen gjeld for Møre og Romsdal frå 2024 til 2027. Planen er forankra i embetsleiinga til Statsforvaltaren den 19.08.2024 og presentert for Fylkesberedskapsrådet 10.04.2024

Statsforvaltaren skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i fylket gjennom FylkesROS. Statsforvaltaren har ei rolle som samordnar, rådgivar, rettleiar og pådrivar for målretta og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i fylket. Ei rekke beredskapsaktørar i fylket har ansvar for den daglege beredskapen. Oppfølging av forslag til tiltak i denne planen må vurderast av kvar enkelt aktør innanfor deira rammer og ansvarsområde. Oppfølgingsplanen skal vere eit grunnlag for samarbeid, og eit utgangspunkt for systematisk og målretta arbeid for å styrke beredskapen og samfunnstryggleiken i fylket vårt.

Oppfølgingsplanen oppdaterast årleg, både internt i embetet og gjennom statusoppdateringar i fylkesberedskapsrådet.

## **Grunnleggjande føresetnadar**

Nedanfor følgjer nokre grunnleggjande forhold som ligg til grunn for god samfunnstryggleik og beredskap. Desse føresetnadene bør styrkast og gjeld alle aktørar innanfor samfunnstryggleik og beredskap, og er relevante for dei fleste scenario.

### **Eigenberedskap**

DSB rår til at alle kan dekke sine grunnleggjande behov i sju dagar. Om innbyggjarar og verksemder har mat, vatn, energi/brensel og reservedelar til å klare seg ein kortare periode blir samfunnet vårt mindre sårbart.

### **Samfunnstryggleik i planlegging**

Gjennom god planlegging kan vi sikre at fylket vårt blir ein tryggare plass i framtida. Ved å ta omsyn til kjende naturfarar og klimaendringar i planlegging kan vi sikre liv og helse, førebygge kostnader og forhindre nye sårbarheiter.

### **Kommunikasjon**

Kommunikasjon under og etter ei krise er krevjande, men viktig, og kan påverke utfallet. Gode planer for kommunikasjon under ei krise, internt og eksternt, er eit viktig konsekvensreducerande tiltak.

### **Avklaring av roller**

Forståing av eiga og andre sine roller er ein føresetnad for godt samarbeid mellom ulike aktørar. Vi sikrar god rolleforståing gjennom tydleg planverk og øvingar. Vi møtes og blir kjend for å betre samarbeid i ei krise.

### **Oppdatert planverk og øvingar**

Jamlege øvingar av planverk internt og saman med andre aktørar styrkjer beredskapen. Vi oppdaterer systematisk planverk med læringspunkt frå øvingar og hendingar.

## Oppfølgingsplan

Nedanfor følgjer tiltak basert på funn i FylkesROS 2023. Først generelle tiltak som er relevante for mange scenario. Deretter tiltak knytt meir spesifikt til kvart scenario. Ansvar for oppfølging er foreslått, men ekskluderer ikkje andre frå tiltak. Tiltaka er ikkje vurdert ut frå kost/nytte, og er heller ikkje satt opp i prioritert rekkefølge. Tiltak som er tatt ut av planen sidan sist er markert med kursiv, og vil bli fjerne ved neste revisjon.

*Statsforvaltaren i Møre og Romsdal = SF*

*Fylkeskommunen i Møre og Romsdal = FK*

*Kommunane i Møre og Romsdal = K*

*Noregs vassdrags- og energidirektorat = NVE*

*Politiet = P*

*Statens Vegvesen = SVV*

*Kystverket = KV*

*Heimevernet = HV*

*Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging = RVTS*

*Tru- og livssynsorganisasjonar = TL*

*Miljødirektoratet = MD*

*Nærings- og fiskeridepartementet = NFD*

*Politiets sikkerheitsteneste = PST*

*Helse Møre og Romsdal HF = MRHF*

*Interkommunalt utval mot akuttforureining = (IUA)*

Generelle tiltak							
Nr.	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
1.1	Sikre kjennskap til naturfarar og faresoner for relevante aktørar, verksemder og personar.	K / FK / SF	x	x			Særleg viktige for sårbare verksemder som institusjonar ol.

1.2	Utarbeide vernskogforskrift i Møre og Romsdal.	SF	x	x			Arbeidet er forsinka. To stortingsmeldingar kjem i 2024, dialog knytt til desse.
1.3	Øve bruk av naudnett for eigen organisasjon og kommunane som har naudnett i kriseleing.	SF	x	x			Styrkje beredskapen
1.4	Ved all planlegging ta omsyn til eit klima i endring. Planer skal ha forsvarleg overvasshandtering.	FK / K / SF	x	x	x	x	Statleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (28.09.2018 nr 1469), er revidert og ute på høyring (høyringsfrist 12.6.2024)  Inkludere heilskaplege løysingar for overvatn i overordna planar som også legg føringar for private planinitiativ.
1.5	Auke bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar i plan- og byggesaker.	K / FK / SF	x	x	x	x	Sjå statleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (28.09.2018 nr 1469). (Ny SPR er ute på høyring).
1.6	Gjere klimatilpassing i SPR meir kjent, og operasjonalisere tiltak.	SF / FK / NVE	x	x	x		Revidert statleg planretningslinje for klima og miljø er på høyring (høyringsfrist 12.06.2024)  <a href="#">Vedtatt Fylkesstrategi for miljø, klima og energi</a>
1.7	Nytte FylkesROS som kunnskapsgrunnlag i kommunane si heilskapleg ROS-analyse.	K	x	x	x	x	
1.8	Gode rutinar for tilsyn og vedlikehald av sikringstiltak mot naturfare for å sikre at tiltaka opprettheld funksjonar over tid og etter hendingar.	SVV / FK / K / eigar av sikringstiltak	x	x	x	x	Inkludert kontinuerleg oppdatering av naturfareplanar.
1.9	Gode rutinar for mottak og oppfølging av bekymringsmeldingar frå innbyggjarar knytt til naturfare.	K	x	x			Erosjon i vassdrag og område med kvikkleire er særleg viktig.
1.10	Landbruksavdelinga skal auke fokus på beredskap (flaum, skred) knytt til skogsdrift og landbruksveg.	SF	x				Driftstilskot til meir skånsame driftsformer (hjelpvinsj, taubane og manuell felling), vil kunne redusere vegbygging i rasfarlege områder.
1.11	Landbruksavdelinga skal setje fokus på beredskap på landbruks- og matområdet, i samarbeid med organisasjonane/aktørane i næringa.	SF / Organisasjonar i næringa	x				Landbruket si rolle i totalberedskapen tema på Landbrukskonferansen i 2024  Inkludere forsyningstryggleik i og frå landbruket i FylkesROS.
1.12	Oppgradere og tilpasse VA-infrastrukturen til eit endra klima	K	x	x	x	x	Auke bruk av naturbaserte løysingar
1.13	Oppgradere drens- og overvasssystem knytt til veg.	SVV / FK / K	x	x	x	x	Førebygge flaum. Auke kapasitet v/ stikkrennebytte

1.14	FNs tiår for restaurering av øydelagde økosystem (2021-2030), med fokus på mellom anna restaurering av myr, våtmark og vassdrag.	FK / SF	x	x	x	x	Førebygging av flaum. Oppfølging av SPR for klima- og miljø.
------	--	---------	---	---	---	---	--

Scenario 5.1 Kvikkleireskred							
Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
5.1.1	Etablere rutinar for å sjå etter erosjon i vassdrag i kjente kvikkleiresoner.	K	x	x			Spesielt viktig i kvikkleiresoner med høg faregrad
5.1.2	Sikre omsyn til kvikkleire ved utbetring, oppgradering, vedlikehald av infrastruktur (avlaustrøyr, el, fiber, vegar og bruer).	K / FK/ SVV/ Nettselsk- ap. m/fl.	x	x	x	x	Medviten sakshandsaming etter pbl.
5.1.3	Sikringstiltak for flaumutsette elvar der kvikkleire er eit kjent problem.	K / NVE	x	x	x	x	NVE oppdaterer aktsemdskart for kvikkleire. NVE sin rettleiar (1/2019)
5.1.4	Sikre kunnskap om kvikkleireområde og tryggingstiltak hos grunneigarar.	K / NVE	x				Redusere risiko for gjennomføring av tiltak i «god tru». Setnesgrova i Rauma blir truleg sikra som del av vegprosjekt på E136 (Nye Veier AS).

Scenario 5.2 Regnflaum							
Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
5.2.1	Gjennomføre sikringstiltak mot regnflaum og flaumskred i kjente fareområde.	K / NVE	x	x			NVE har bistand- og tilskotsordningar for sikring mot flaum og skred. Døme: Pågåande arbeid med flaumvoll ved Furu (Sunndal). Oppstart av flaumsikring av Dokkelva (Molde). Sikringstiltak mot flaumskred på Skjelbostad (Rauma) er under planlegging.
5.2.2	Kompetanseheving overvasshandtering, gjennom til dømes webinar.	FK	x				FK har med støtte frå MD gjennomført 6 webinar og ei fysisk samling, (Multiconsult var fagleg ansvarleg)

							<a href="#">Naturbaserte løysingar 2023-2024</a> <a href="#">Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar (NVE).</a> MD sine <a href="#">webinar</a> om klimatilpassing
5.2.3.	Fremje naturbaserte løysingar gjennom program for berekraftig by- og tettstadsutvikling.	FK	x	x	x	x	T.d. gjennom <a href="#">Naturbaserte løysingar 2023-2024</a>

Scenario 5.3 Fjellskred							
Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
5.3.1	Drenering for å senke grunnvassnivået og soleis redusere risiko for skred frå Åkneset.	NVE	x	x			Kunnskapsprosjekt (Rapp. nr 22/2021)  Forprosjekt starta jan.24. med Norconsult, skal gje anbefalt løysing og plan for handtering av overflatevatn innan des.25. .
5.3.2	Avklare erstatningsansvar ved evakuering utan materiell skade.	K / SF					Vidareført gjennom 5.3.10
5.3.3.	Avklare om dagens evakueringssonar gir tilstrekkeleg tryggleik for dei som vert isolert	K					Dialog med NFD og diskusjon i ÅTB/ kommunane 2017-2023 avslutta.
5.3.4	Revisjon av objektplanane for Mannen, Hegguraksla og Åkneset.	SF	x				Ventar på av revisjon av nasjonal beredskapsplan for fjellskred.
5.3.5	Revisjon av Lokal trafikkberedskapsplan	FK / K / SF / SVV / P	x				Pågåande, planlagt ferdig i 2024.
5.3.6	Øve på fjellskredscenario. Inkludere krisekommunikasjon på kommunalt og regionalt nivå.	SF / K / NVE / P		x			Regionalt øvingsforum planlegg for øving på fjellskredscenario i 2025.  (Kommunikasjonsgruppa for fjellskred, regional plan, bør inkluderast.)
5.3.7	Auke kompetanseutveksling mellom kommunar. - Nasjonal fjellskredkonferanse - Nasjonale teams møte - Fremje interkommunalt samarbeid	SF	x	x	x		
5.3.8	Ved utbygging, oppgradering og rehabilitering bør infrastruktureigarar vurdere å flytte sårbare installasjonar til flodbølgjesikre område.	Eigarar av kritisk	x	x	x		



		infra- struktur					
5.3.9	Styrke planverk for forsyningstryggleik i isolerte område.	K / SF	x				
5.3.10	Kartlegge erfaringar med erstatning ved evakuering utan materiell skade frå andre relevante hendingar	SF	x				Til dømes Gjerdrum, ekstremveret Hans.

Scenario 5.4 Grunnstøyting cruiseskip							
Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
5.4.1.	Vurdere interkommunale avtalar som sikrar gjensidig støtte ved større hendingar med mange evakuerte.	K	x				
5.4.2.	Planlegge og øve på handtering av mange evakuerte på tvers av kommunegrenser.	K	x				Øve på samvirke ved oppretting av EPS i fleire kommunar.
5.4.3.	Betre kunnskap om korleis denne typen hendingar blir handtert på nasjonalt nivå. Tydeleggjere roller og ansvar.	SF / FK / K	x				Øve på samvirke
5.4.4	Utarbeide «Cruise ruter», tilsvarande <i>Routeinfo</i> , for cruisebåtar og andre skip over 150 m. Kvalitetssikra trygge ruter mellom dei viktigaste hamnene i Noreg.	KV	x	x			Oppfølging av NOU 2022:01 Losforvaltninga er ansvarleg for <i>Routeinfo</i> (eit verktøy med referanseruter til navigasjon til og frå dei viktigaste hamnene i Noreg, for båtar under 150 m). Det er laga referanseruter for Møre og Romsdal
5.4.5	Utarbeide forslag til forskrift om ferdelsavgrensingar for større skip over 150 m under gitte vêrforhold i avgrensa område (til dømes Stad og Hustadvika).	KV	x				Oppfølging av NOU 2022:01 Lostjenesten er ansvarleg <a href="#">lokale begrensningar</a> .
5.4.6	Norseye, eit selskap i Kristiansund som arbeider med havovervaking og beredskap, vil starte opp eit pilotprosjekt "Sjøsikkerhet, maritim beredskap og havovervåking for kommunene i Møre og Romsdal".	Norseye / deltakarar	x				Prosjektet er i gang i første kommune.

Scenario 5.5 Radikalisering og valdeleg ekstremisme							
Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	

			2024	2025	2026	2027	
5.5.1.	Delta i regionalt styringsnettverk med kommunar og aktuelle regionale aktørar.	K/ FK/SF RVTS / P	x	x	x	x	Eit fylkesnettverk leia av RVTS og politiet er etablert.  Dette er i tråd med tilråding frå Ekstremismekommisjonen ( <a href="#">NOU2024:3</a> )
5.5.2.	Styrke koordinering av bekymringar på tvers av fagområde og sektorar i kommunane. Betre forankring av førebyggjande arbeid mot radikaliserings i kommunane	K	x	x	x		SLT-modell er anbefalt og har vist seg velegna til begge deler.
5.5.3.	<i>Fylkeskonferanse for å auke fenomenkunnskap og styrke nettverksbygging på tvers av kommunegrensar og sektorar.</i>	<i>K / P / RVTS</i>					<i>Arrangert første gong nov. 2022. Vellukka, men ingen planar om ny konferanse.</i>
5.5.4.	Gjere tilbod om lågterskel helsehjelp meir tilgjengeleg.	K	x				Helsedirektoratet sin nasjonal rettleiar <a href="#">Psykisk helsearbeid barn og unge</a> . er nyttig.
5.5.5.	Dialogforum i fylket som inkluderer ulike religiøse leiarar.	TL	x				Det er eit dialogforum på Søre Sunnmøre. Mål å etablere fleire regionale dialogforum. Ikkje lukkast å etablere eit slikt forum på fylkesnivå.
5.5.6.	Raude Kross tilbyr kurs om gatemekling – kurs i konflikthandtering for unge.	Raude Kross / K	x				Kurs gjennomført i Ålesund, Raude Kross ynskjer å utvide til fleire byar i fylket.
5.5.7.	<i>Politiet informerer om radikaliserings under årleg samling for alle kommuneoverlegar i fylket.</i>	<i>SF</i>					<i>Gjennomført i 2023</i>
5.5.8.	Styrkje demokratiopplæringa i skulane.	FK / K	x	x	x		Til dømes <a href="#">Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme</a> (Dembra)
5.5.9	Styrkje regional koordinering av tverrfagleg arbeid for førebygging av massevald, hevnbasert vald og «psykisk uhelse».	P / FK / SF / RVTS	x	x	x	x	Talevarslingsanlegg montert på alle vgs i fylket. Opplæring gitt ansatte. Felles handlingskort utarbeida for samhandling mellom fylkeskommune og politi.
5.5.10	Utarbeide <i>Rettleiar ved bekymring for radikaliserings og valdeleg ekstremisme.</i>	K	x				(Molde og <a href="#">Aukra kommune</a> har laga gode døme)  Etablering av mentornettverk styrkar bruk av rettleiaren.
5.5.11	Fremje demokrati og førebygge trugslar og hets mot politikarar.	P	x				Kunnskapsbasert tiltak, hat og hets mot politikarar utfordrar demokratiet. Politiet har mellom anna følgd opp dette mot ungdomspanelet i M&R.

<b>Scenario 5.6 Tryggingspolitisk krise/krig</b>
--

Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
5.6.1	Inkludere tryggingpolitisk krise/krig i kommunane sine heilskapelege ROS-analysar.	K	x	x	x		Alle kommunar bør ha inkludert tryggleikpolitisk scenario innan 2027. Løfta fram i SF sitt forventningsbrev 2024.
5.6.2	Kompetanseheving i kommunane om totalforsvaret og samansette trugslar.	SF/HV/PST	x	x			Starta i 2022, fortset i 2023-25. Alle ordførarar, kommunedirektørar invitert til totalberedskapskurs 2024.
5.6.3	Risikovurderingar av kritisk infrastruktur og funksjonar må omfatte tilsikta hendingar.	Eigarar av kritisk infrastruktur	x	x	x	x	
5.6.4	Vere meir medviten på kva informasjon vi deler på nettsider og i andre opne kjelder	Alle verksemd er	x	x	x	x	
5.6.5	Gjere open informasjon frå PST, NSM, E-tenesta om trugslar kjent i kommunane/FBR	SF	x	x	x	x	Formidling til kommunar og beredskapsatørar jamnleg
5.6.6	Styrke og samordne totalforsvaret i fylket gjennom <i>Totalberedskapskurs 1 og 2</i> på Setnesmoen.	SF/HV/P	x				

### Scenario 5.7 Pandemi

Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
5.7.1	Reviderte beredskapsplanar for pandemi som bygger på langvarige pandemiscenario	Alle verksemd er	x	x			
5.7.2	Sikre ressursar og organisering til langvarig krisehandtering	Alle verksemd er	x	x	x	x	
5.7.3	Sikre beredskapsplanar som tek for seg situasjonen til barn og unge	K / FK	x	x			
5.7.4	Planer og system for å identifisere uønskte konsekvensar av tiltak (spesielt med omsyn til barn og unge)	K / FK	x	x			

5.7.5.	Kollektiv transport: - Utarbeide smittevernrettleiar som ikkje er i strid med regelverket til bussjåførar - Avklaringar knytt til regionale tenester som er kommunekryssande	FK / SF	x	x			
5.7.6	Etablere strukturar for at kommunane i større grad bli involvert i avgjerdsprosessar	SF	x	x	x		
5.7.9	Styrke kommunelegefunsjonen	K	x	x			
5.7.10	Auke grunnberedskapen i intensiv- og intermediæravdelingane	MRHF	x	x	x		

### Scenario 5.8 / 5.9 Atomulykke

Nr	Tiltak	Ansvar	Frist				Status / kommentar
			2024	2025	2026	2027	
5.8.1	Gjere beredskapsaktørar kjend med det som eksisterer av informasjons- og kommunikasjonsstrategiar, inkludert ferdigprodusert informasjon frå DSA - Strategi og plan for kommunikasjon til innvandrar, gjestearbeidarar, flyktingar mm - DSA sin rettleiar til arbeidsgjevarar og yrkesgrupper med kritiske samfunnsfunksjonar ved råd om innandørsopphald pga. radioaktivt utslepp til luft.	SF	x	x	x		
5.8.2	Gjennomføre øvingar med atomulukke (også inkl. kommunikasjonsplanar)	Alle beredskapsaktørar	x	x			
5.8.3	Jamleg kunnskapsauke om atomhendingar	SF / K	x	x	x	x	SF søker pengar frå DSA kvart år for kompetanseheving hos kommunane og FBR.
5.8.4	Sikre måleutstyr og kompetanseheving hos brannvesen i fylket	K / IUA	x	x	x		
5.8.5.	Kommunikasjon til innbyggjarane: fokus på eigenberedskap (gjerdet enkelt for folk å følgje råd om innandørsopphald)	K / SF	x	x			
5.8.6.	Beredskapsplanar som tek høgde for atomhendingar der ein risikerer at tilsette vegrar seg for å dra på jobb.	Verksemder	x	x			Særleg verksemder med ansvar for kritisk infrastruktur / samfunnsfunksjonar



**STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL**

Postboks 2025, 6404 Molde | [sfmr@statsforvalteraen.no](mailto:sfmr@statsforvalteraen.no) | [www.statsforvaltaren.no/mr](http://www.statsforvaltaren.no/mr)

